


Sauesjå

Valle i Setesdal



MARKNADEN

26-28. SEPTEMBER

KL. 10.00-16.00

14 ulike
food
trucks

LOKALMAT TELT OVER 50 UTSTILLERE OG SALSODAR

Ein tradisjonell marknad med mat og landbruk i sentrum.

Her finn du og gardsdyr som barna kan helse på.

Dette er ein marknad med mat, landbruksmaskiner, snøskuterar, underhaldning, bakervarer, husflid, basar og mykje meir for heile familien.

Fredag 26. september

kl. 12.00-18.00 – Food Truck Festival

Laurdag 27. september

kl. 10.00 – Salsodar opnar

kl. 10.00-14.00 – Bjørnis og brannbilane v/Esso (Bjørnis kjem kl. 13.00)

kl. 10.00 – Basar Bygdekvinnelaget v/Sæbyggjen

kl. 13.30 – Gjetarhundoppvisning (jordet bak fontena)

kl. 20.00 – Sævedans på Bergtun Hotel

Sondag 28. september

kl. 10.00 – Salsodar opnar

kl. 11.00 – Sæutstilling og køring

kl. 13.30 – Gjetarhundoppvisning (jordet bak fontena)

Foredrag med
sjølvaste
landslagskokka
Torbjørg
"tante" Haugen
i Hylestad
soknehus
fredag
26. september
kl. 19! Sjå full
annonse på
anna side i
Bygdenytt.

Dansekveldar
for ungdomar
8.klasse og
oppover i
Spelestoga
tysdagar kl. 17-
18.

Trur du ikkje du
kan danse, seier
du? Jo visst kan
du det - her er
det dansing på
eit nivå som
passar alle - og
berre for gama!

- Ønske alle
innbyggjarar og
gjestar ein flott
haustferie.



ENDRING AV INNSENDING FOR BYGDENYTT

Vi går over til nytt program for å lage bygdenytt. Dette inneber endringer i korleis stoff til bygdenytt skal bli sendt inn. Vi ber om at du sender: Word-fil - Dette slik at vi enkelt kan hente teksta og tilpasse det vårt system og på den måten få laga eit oversiktleg og godt informasjonsblad. Bilete, dersom det er ynskjeleg å ha med. Dette inneber at vi ikkje vil ha plakater så langt det kan gjerast.

Alt stoff skal sendast til:

sentralbord@valle.kommune.no

LÅGARE MEIRVERDIAVGIFT PÅ VATN OG AVLAUP

Stortinget har vedtatt at meirverdiavgifta (MVA) for vatn og avløp skal reduserast frå 25% til 15% - ei ordning som skal gjelde frå 1. juli 2025. Endringa omfattar kommunale gebyr for vatn, avløp og slamtømming – inklusive septiktank- og minirenseslegg. Faktura frå og med juli vil difor ha endra meirverdiavgift til 15%.

For dei som har årleg faktura/ein faktura i året, vil reduksjonen påverke betalinga for 2026 - dette gjeld og vassmålaroppgjer i 2026.

«MinEigedom»

Dersom du vil få faktura månadleg eller årleg på kommunale avgiftar, kan du endre dette. For å endre fakturafrekvens går du til Valle kommune si heimeside, under Tekniske tenester og logger deg på MinEigedom med bankID.

På MinEigedom kan du velje kor ofte du ynskjer å motta faktura for kommunale avgifter. Du kan også finne informasjon om anna som gjeld eigedomen din.

INVITASJON TIL ALLE VÅRE INNBYGGJARAR

INNBYGGJARVERKSTAD: BEREDSKAP

Måndag 20. oktober kl. 17, Sæbyggjen

I arbeidet med ny kommuneplan –samfunnsdelen ønskjer vi å involvere innbyggjarane i viktige spørsmål om beredskap og tryggleik. For deg som innbyggjar er dette ei moglegheit til å få innsikt, stille spørsmål og bidra med dine perspektiv!



friskus

HAR DU LASTA NED FRISKUS?

Dersom ikkje, bør du gjere det no! Appen er GRATIS og du vil få varsel kvar gong Valle kommune legg ut følgjande:

- Nyheiter frå heimesida
- Ledige stillingar
- Publisering av innkallingar og møteprotokollar

Dersom du alt har lasta den ned, men ikkje får varsel er det truleg fordi du ikkje har valt kategorien du vil få varsel på. I Valle har vi førebels berre ein kategori vi nyttar i publiseringa som heiter «nytt frå Valle kommune».

For å sjekke om du har valt kategorien kan du gjere følgjande:

1. Gå inn på menyen oppe til høgre (tre strekar)
2. Mine valg
3. Dersom Valle kommune er merka av klikker du på pila nede til høgre, om ikkje trykkjer du på den.
4. Vel om du vil følgje fleire kommunar eller hopp over
5. Så trykkjer du på «Nytt frå Valle kommune» og deretter pila nede til høgre
6. På neste side er det ingen val og kan berre klikke på pila nede til høgre

No er du klar og kan trykkje ei siste gong på den grønne pila nede til høgre

Treng du hjelp kan du ta kontakt med Velkomstsenteret på telefon 37 93 75 00.

Ny biblioteksjef: Julie Solheim
Vikar, ungdomsarbeidar: Isabel Eriksson (f.o.m.
06.11.2025)

Julie har allereie starta i stillinga, og måndagar
og onsdagar har ho kveldsope bibliotek for
ungdomar fram til kl. 18.

Vi ønskjer både Julie og Isabel hjarteleg velkomne
til oss!

PIANOSTEMMING

Pianostemmar Lars Erik Tangen kjem til Valle 8.-9.
oktober, ev. også 7. Han skal då stemme våre
kommunale piano, og har også kapasitet til å
stemme for private.

Kontakt han på pianostemmertangen@gmail.com
dersom du er interessert!

**Born og unge kan kvar
måndag og onsdag
vere på biblioteket
til kl. 18:00
saman med vår
nye biblioteksjef, Julie**

HELSETRIMMEN

Helsetrimmen er i gong att etter haustferien!

Måndagar og torsdagar:
Kl. 14.00 - 15.00.

Hugs å ta med drikkeflaske, treningssko
og ein ven.

Øyvind Jacob skal ha måndagar og Sigrid M.
Aarsland skal ha torsdagar.

Endringar vil bli annonsert på facebook-sida til
helsetrimmen.

VALLE KOMMUNE TRENG BØSSEBERARAR

Årets TV-aksjon blir skipa til sundag 19. oktober.
No er Valle kommune på leit etter bøsseberarar!
Å vere bøsseberar tar berre eit par timars tid, men
betyr veldig mykje for dei ein samlar inn pengar
for. I år går innsamlinga til Atlas-alliansen, som
arbeider for å gje funksjonshemma i krigs- og
fattigdomsråka land betre tilgang til utdanning,
helsetenester, naudhjelp, hjelpemiddel og arbeid
slik at dei sjølv kan bygge betre liv.

Målet er å skaffe nok midlar til å kunne støtte
200.000 menneske i Palestina, Ukraina, Etiopia,
Nepal, Tanzania, Uganda og Zambia.

Vil du melde deg som bøsseberar? Då kan du
registrere deg på nettsida for TV-aksjonen:

[https://registrering.tvaksjonen.no/
ta?bossebarer=true](https://registrering.tvaksjonen.no/ta?bossebarer=true)

KOM MED INNSPEL TIL KOMMUNEPLAN OG KOMMUNEDELPLAN!

På heimesida til Valle kommune ligg det no ute
ei [lenke direkte til arbeidet kring kommuneplan
og kommunedelplan](#). Der kan ein også sende inn
innspel ein måtte ha.

Det skjer mykje i kommuneplanarbeidet
utetter hausten. Temamøte om arealstrategi,
innbyggjarverkstad om beredskap og møte
med friviljuge lag er nokre av aktivitetane det
vert lagt opp til. Både kommunepolitikarane,
administrasjonen og lokalsamfunnet skal
engasjerast i arbeidet for å peike retninga for
korleis kommunen vår skal utvikle seg inn
i framtida. Den som har tankar om korleis
kommunen skal vere i framtida, har altså sjansen
no!



INVITASJON TIL VÅRE INNBYGGJARAR

INNBYGGJARVERKSTAD: BEREDSKAP

Sæbyggjen måndag 20. oktober kl. 17. Enkel servering – gratis og ope for alle!

I arbeidet med ny kommuneplan – samfunnsdelen ønskjer vi å involvere innbyggjarane i viktige spørsmål om beredskap og tryggleik. For deg som innbyggjar er dette ei moglegheit til å få innsikt, stille spørsmål og bidra med dine perspektiv!

Program for kvelden:

Informasjonsbolk 1: EIGENBEREDSKAP

- Kva kan du gjere for å vere betre førebudd?

Informasjonsbolk 2: TOTALBEREDSKAP

- Ved Bengt Eirik Henriksen, Statsforvaltaren i Agder

Verkstad: BEREDSKAP I KOMMUNEPLANEN

- Her får du vere med og diskutere, komme med innspel og påverke framtidens beredskap i Valle kommune,
- Masterstudentar frå masterprogrammet Samfunnsplanlegging, stad og prosess ved Universitetet i Agder leiar prosessen.

Kvifor bør du komme?

- Du får nyttig kunnskap om beredskap
- Du får høyre frå fagfolk og stille spørsmål
- Du får vere med og forme samfunnsdelen i kommuneplanen

Velkomen til ein kveld
der di meining tel!

INVITASJON TIL FRIVILLIGE LAG OG ORGANISASJONER I VALLE KOMMUNE

GI INNSPEL TIL NY KOMMUNEPLAN - SAMFUNNSDELEN!

Sæbyggjen tysdag 28. oktober kl. 19.00-21.00. Enkel servering.

Bli med på å påverke framtida i Valle!

Valle kommune er i gang med å lage ein ny kommuneplan - det viktigaste styringsverktøyet for utviklinga av bygda vår. No skal vi arbeide med samfunnsdelen, som handlar om korleis vi kan skape eit levande og inkluderande lokalsamfunn med gode tenester og rammer for alle.

For å få til dette, treng vi di stemme!

Difor inviterer vi alle frivillige lag og organisasjonar til eit medverknadsmøte. Her får du høve til å dele erfaringar, spele inn idear og påverke kva retning Valle skal ta dei neste åra.

Kvifor er nettopp de viktige?

Frivillig lag og organisasjonar er limet i lokalsamfunnet vårt!

De bidreg til folkehelse, bulyst, fellesskap og tryggleik - og spelar ein nøkkelrolle innan fleire av dei viktigaste satsingsområda våre:

1. Folkehelse
2. Bulyst
3. Arbeidsplassar
4. Beredskap

Velkomen til ein kveld
der di meining tel!

SSB sine framskrivningar viser at vi treng endå sterkare fellesskap og eit robust frivillig liv i åra som kjem. Difor er det ekstra viktig at nettopp de er med og formar planen for framtidens Valle!

Program for møtet:

- Kort innleiing: Kva er kommuneplanen, kva for arbeid er gjort fram til no og vegen vidare - ved prosjektleiar Kay Arne Sogård
- Workshop og diskusjon – her er det plass til alle røyster!

10—19 OKT

FOLKEAKADEMIET



KJETSÅ DESIGN

PROGRAM

Fredag 10. okt

Kl. 16.00 – 20.00
BEDEHUSBASAR

Broderheimen bedehus,
Oveinang

Kl. 19.00 – 22.00
ALLIDRETT

Vallehalli

Laurdag 11. okt

Kl. 11.00 – 16.00
**MÅLEVERKSTAD
FOR BARN**

Brokkevegen 130, Rysstad

Kl. 18.00 – 20.00
TAPAS

Hylestad soknehus, Rysstad

Kl. 20.00
**KONSERT MED
KONG HANES EFTF.**

Hylestad soknehus, Rysstad

Sundag 12. okt

Kl. 11.00 – 16.00
OPE ATELIER

Velkomen innom for
å sjå på kunst.
Brokkevegen 130, Rysstad

Kl. 12.00
**AKTIVITETAR FOR
HEILE FAMILIEN**

Modellverkstaden, Rysstadmo

Kl. 16.00 – 17.00
**GUDSTENESTE VED
EIVIND SKEIE**

Hylestad kyrkje, Rysstad

Måndag 13. okt

Kl. 18.00
**FOREDRAG VED
EIVIND SKEIE:
EIT SKAPANDE LIV**

Kyrkjestoga, Sæbyggjen,
Valle sentrum

Kl. 17.00 og 19.00
KINO

Hylestad soknehus, Rysstad

Tysdag 14. okt

Kl. 19.00 – 20.30
**KAN NATUREN
OVERLEVE DET
GRØNE SKIFTET?**

Debattantar Endre Amundsen
frå Å Energi og Peder Johan
Pedersen, leiar av Agder
Naturvernforbund
Sæbyggjen, Valle sentrum

Onsdag 15. okt

Kl. 13.00 – 13.45
**KONSERT MED SOPRAN
LINE JØRGENSEN OG
PIANIST ØYSTEIN KIKUT**

Valle bygdeheim, Onsdagskafeen

Kl. 15.00 – 17.00
GRAUTFESTIVAL

Sæbyggjen, Valle sentrum

Kl. 18.00
**FOREDRAG VED
MARIA BJØRKKROTH:
DEN FANTASTISKE
BILETSAMLINGA PÅ
RYGNESSTAD**

Setesdalsmuseet, Rysstad

Kl. 19.00 – 21.00
**MATKURS FOR
UNGDOMSKULEN**

Skulekjøkkenet, Valle skule

Torsdag 16. okt

Kl. 19.00
**FOREDRAG VED
FORFATTAR
INGAR JONSRUD:
FRELS OSS FRÅ
SKJERMEN**

Eit foredrag for vaksne
om barn sine nettvannar.
Sæbyggjen, Valle sentrum

Fredag 17. okt

Kl. 19.00
**KONSERT MED
KIM RYSSTAD**

Hylestad soknehus, Rysstad

Kl. 21.00
FOLKEMUSIKKPUB

Sølvarden Hotell, Rysstad

KONSERTAR
DEBATT
GRAUTFESTIVAL
MATKURS
FOLKEMUSIKKPUB
FAMILIETUR
OPE ATELIER
BEDEHUSBASAR
ALLIDRETT
TAPAS
KINO
GUDSTENESTE
FAMILIEAKTIVITETAR
FOREDRAG

Laurdag 18. okt

Kl. 11.00 – 16.00
OPE ATELIER

Velkomen innom for
å sjå på kunst.
Brokkevegen 130, Rysstad

Kl. 12.00 – 15.00
**AKTIVITETSDAG FOR
BARN OG VAKSNE**

Laftehallen på
bygningvernseieret,
Setesdalsmuseet, Rysstad

Kl. 11.00
**FAMILIETUR TIL
DAGSTURHYTTA
LAUVÅSLOPTET**

Start Valle sentrum

Sundag 19. okt

Kl. 11.00 – 16.00
OPE ATELIER

Velkomen innom for
å sjå på kunst.
Brokkevegen 130, Rysstad

Kl. 19.00
**KONSERT MED SOPRAN
LINE JØRGENSEN OG
PIANIST ØYSTEIN KIKUT**

Sæbyggjen, Valle sentrum



ONSDAGSKAFEEN I OKTOBER

- Onsdag 1. oktober:
Rock around the clock
- Onsdag 8. oktober:
Sosialt samvær
- Onsdag 14. oktober:
Konsert med Øystein Kikut
- Onsdag 15. oktober:
Konsert med Line Jørgensen og Øystein Kikut
i anledning Kulturveka 2025
- Onsdag 22. oktober:
Evelyns klesmote
- Onsdag 29. oktober:
Andakt.

Onsdagskafeen elles har sosialt samvær
frå kl. 10.30 kvar onsdag. Her kan ein og kjøpe
seg middag for ein billig penge!



KONSERT MED

ØYSTEIN KIKUT - PIANST

LINE JØRGENSEN - SOPRAN

Onsdagskafeen startar kl. 10.30.

Velkomen til triveleg føremiddagstreff,
etterfølgt av vakker konsert
med piano og song.

Gratis inngang - alle hjarteleg velkomne!

Arr. Kulturveka i Valle og
Valle bygdeheim



VALLE BYGDEHEIM ONSDAG 1.OKTOBER

Kl. 13.00



Gled deg til ein humørfyllt konsert med mange kjente svisker!

Tor Henning Olsen og Joachim Olsen tek oss med tilbake til 50- og 60-talet!
Med gitarar, perkusjon og sine egne stemmar byr dei på slagerar som har prega
dei fleste som har levd en stund. Her er kjente melodiar frå artistar som
Elvis, Cliff Richard, Roy Orbison, The Everly Brothers, Sven Ingvars, Buddy Holly,
The Beatles og mange andre.

LET'S ROCK AROUND THE CLOCK!

Onsdagskafé frå kl. 1030. Gratis inngang, alle velkomne!

Arr. Valle kommune

valle vaksenkor ønskjer velkommen til



ny øvingshaust!



Laurdag 6. desember gjentek vi suksessen og vil samle bygdefolk til gratis jolekonsert i Valle kyrkje. Ønskjer du å vere med å skape magisk jolestemning i mørketida?

Det blir øving i Kyrkjestoga/Sæbyggjen desse datoane:

- ♦ Tysdag 9. 9 klokka 18.00-20.00
- ♦ Tysdag 23.9 klokka 18.00-20.00
- ♦ Tysdag 7.10 klokka 18.00-20.00
- ♦ Tysdag 21.10 klokka 18.00-20.00
- ♦ Tysdag 04.11 klokka 18.00-20.00
- ♦ Laurdag 08.11 klokka 10.00-14.00 (med lunsjpause)
- ♦ Tysdag 18.11 klokka 18.00-20.00
- ♦ Onsdag 3.12 klokka 17.00 (generalprøve)

Vi ønskjer ALLE songglade vaksne hjarteleg velkomne til å bli med! Om du vil melde deg på eller har spørsmål kan du ta kontakt med Synne Viki (91809062).

Hjarteleg helsing Maija (dirigent), Anna (dirigent), Sigbjørg, Torunn Charlotte og Synne (styret i Valle vaksenkor)

Sit du med ein draum om å delta med ditt eige innslag under jolekonserten? Då vil vi høyre frå deg!



Landslagskokka Torbjørg «tante» Haugen kjem til Hylestad Soknehus 26.september 2025 kl.19:00

Velkomen til å bli med "tante" på tur.

Torbjørg Haugen kjem frå Sirdal. Yrket hennar som kokk og interessa for ernæring førte vidare til mange spanande opplevingar. Ho har reist verda rundt med ulike landslag og i dei siste åra har ho jobba med Molde fotballklubb. «Tante» har fostra kjende idrettsnamn som Ole Einar Bjørndalen, Petter Northug, Marit Bjørgen, Therese Johaug og Erling Braut Håland. Dei kan takke ho for at dei fekk i seg nok mat til å meistre treningsmengda som førte dei til toppen. Torbjørg lovar å kome med mange historier.



Hylestad
Bygdekvinnelag og Valle
pensjonistforeining
arrangerer foredrag/
fagkveld «På tur med
Tante» med Torbjørg
Haugen 26.september
2025 kl 19:00 på
Hylestad Soknehus.
Servering av fingermat
frå matkurset.
Inngong kr 250

HANDARBEIDSKVELD

Onsdagar kl 18.00 - 21.00 på husfliden i Valle.
Alle er hjarteleg velkomne. Te og kaffi. Ta med
eiget handarbeid.

Datoar med stjerne (*) blir det og mogleg
å lære seg å krulle.

Datoar haust 2025

10/9 - 24/9* - 8/10 - 22/10*

5/11 - 19/11* - 3/12

BASAR

TREUNGEN GRENDELAGE

PÅ HEDDE 25. OKTOBER

KL. 12 TIL 20 - TREKNING KL.18

HOVUDGEVINSTAR:

LUSEKOFTE,

RØYKT SAUEKJØT,
MUNNHARPE FRÅ BBSR,
«SYE» FRÅ HASLA,
ARMKNAPPA FRÅ DALE
BUNADSYLV, BÅLPÅNNE,
SAUESKINN, VED OG
MANGE ANDRE FINE
GEVINSTER

SALG AV SUPPE,
LEFSER,
KARBONADE
SMØRBRØD,
RUNDSTYKKE,
KAKER, VAFLER,
KAFFI OG BRUS



ÅRESAL GJENOM HEILE
DAGEN

KR 10 PR. ÅRE -

LODD PÅ BOK, KR 20

HOVUDGEVINST

BARNE/UNGDOMSBORD
METALLSØKJAR

BØKER LIGG PÅ
JOKER, BYGGI,
COOP VALLE,
COOP RYSSTAD,
VALLE BYGDEHEIM



PÅRØRENDESKOLEN

i Setesdal

Kurs for pårørende til personer med demens eller hukommelsesproblemer

Tirsdager i oktober 2025

Hva er pårørendeskolen?

Pårørendeskolen er et gratis kursstilbud til deg som har et familiemedlem eller en nær venn som har hukommelsesproblemer/ eller en kjent demenssykdom.

Hva inneholder kurset?

1.samling, 7 okt.:

De ulike demenssykdommene *v/ Halvard Mosdal*
Utfordrende adferd *v/Bjørn Harald Hagen*

2.samling, 14 okt.:

Praktiske utfordringer i hverdagen - Tekniske hjelpemidler *v/ Elisabeth Storsveen*
Brannsikkerhet for risikoutsatte gruppe - hva vi som pårørende bør ha fokus på og kan hjelpe med
Setesdal brannvesen IKS v/ Ole A. Pettersen

3.samling, 21 okt.:

Kommunikasjon og samhandling *v/ Monica Reiersølmoen Vigre*
Bruk av musikk i demensomsorgen. Aktiviteter vi kan gjøre sammen *v/Katrine Hornum*

4.samling, 28 okt.:

En pårørende forteller *v/Siren Bakke Winjor*
Tilbud i kommunen. Hvordan søke om hjelp? *v/Britt Enny Haugland*

Praktiske opplysninger

Fysisk oppmøte i Bykle helsesenter, eller i LMT Evje sine lokaler i Sentrumsbygget
Kurskvelder fra kl.18.00 til 21.00
Siste påmeldingsfrist: 1 oktober 2025

Påmelding

Navn: Signe Telhaug – Koordinator i Hukommelsesteamet
Telefon: 945 20 970
E-post: signe.telhaug@e-h.kommune.no

Pårørendeskolen er et interkommunalt samarbeid mellom kommunene i Bykle, Valle, Bygland, Evje & Hornes og Åseral

KYRKJA I NOVEMBER

Hylestad kyrkje – Søndag 12. oktober kl. 16.00
Gudsteneste med salmediktaren Eivind Skeie.
Song og musikk ved Inger Lise Stulien og Eirik Hodnemyr. Presentasjon av årets konfirmantar.

Kyrkjestoga i Valle – Måndag 13. oktober kl. 18.00

Kulturkveld med Eivind Skeie. Lotteri til inntekt for Mamma Maggie og Stefanusbarna.

Valle kyrkje – Laurdag 25. oktober kl. 18.00
Konsert med countrygruppa Bedehusmann.

Valle kyrkje – Søndag 26. oktober kl. 14.00
Kyrkjerotteteater. Bokutdeling til 4- og 6-åringar.
Ei lita overrasking til dei andre borna som kjem.

Hylestad kyrkje – Tysdag 28. oktober kl. 18.00
Bøn for verda. Ei stille stund i open kyrkje. Høve til å tenne lys eller berre sitje i kyrkjebenken.
Musikk ved Eirik Hodnemyr.

Valle bygdeheim – Onsdag 29. oktober kl. 11.00
Andakt.

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrjekontoret i Valle,
tlf. 977 84 706,

e-post:
post@valle.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Valle og Hylestad sokn

Meir himmel på jorda

VALLE RADIO

Neste kommunestyremøte er 29. oktober.
Det kan du lytte til på Valle radio.
Det går og i reprise på kvelden kl. 18.00.



VALLE RADIO

Elles tysdag- og onsdagssendingar som vanleg.

Gospelkveld i Skafsåheii Fjellkyrkje

Fredag 3. oktober kl. 19.00 inviterer Fjellkyrkje-laget til ei varm og stemningsfull gospelkveld i Skafsåheii Fjellkyrkje. Lokale musikarar og songarar – Hallvard Jørgensen, Lina Haugholmen, Hege Tveito Valencia, Sondre Stenseth og Ingrid Seltveit – vil framføre kjende og kjære gospelklassikarar. Det vert både solosong og allsong, så her kan du både lytte og vere med!

Etter konserten vert det god tid til prat over kaffi og kaker. Det blir også høve til å gje ei gåve til drift av fjellkyrkja.

Velkomen til ei kveld med song, fellesskap og god stemning!



NOMELAND BEDEHUS

Nomeland bedehus

Møte med Arne Arnesen
Tysdag 7. oktober kl 19:00
Onsdag 8. oktober kl 19:00
Torsdag 9. oktober kl 19:00

Møte med Torstein Landås
Tysdag 21. oktober kl 19.00

Alle er hjarteleg velkomne!



Kan du tenkje deg å bli besøksven i Valle?

Har du lyst å gje litt av di tid for nokon som treng det, slå av ein prat, ta ein kopp kaffi eller gå ein liten tur saman? Det er mange moglegheiter og diakoniutvalet i Valle ønskjer med denne tenesta å leggje til rette for eit lokalsamfunn som tek vare på kvarandre.



Dersom dette er
noko for deg, kan
du kontakte
Astrid Nomeland
på mob. 91148355
eller på email:
[astridnomeland@
hotmail.com](mailto:astridnomeland@hotmail.com)

Besøkstenesta i Valle

Invitasjon til alle som ønskjer besøk.
Uforpliktende og for alle aldrar

Eller kjenner du nokon som kan tenkje seg å få
besøk?



Kontakt
Astrid Nomeland på
mob. 911 48 355

eller på mail :
astridnomeland@hotmail.com

Arr: Diakoniutvalet

Valle

allidrettsklubb

Velkomen til Valle
Allidrettsklubb
fredag 10. oktober
kl 19.00-21.00 i
Vallehalli.
Allidrettsklubben
er for ungdomar
frå 8. klasse og
oppover.

Det blir aktivitetar
i hallen, andakt,
kiosksal og gratis
frukt og kake.



Høstferie på Setesdalsmuseet

HAUSTFERIEVERKSTAD PÅ
SETESDALSMUSEET

1. OKTOBER 10-14
LAG HAUSTKRANSAR, REBUS
OG VAFLAR.
VERKSTAD GRATIS FOR BARN,
150,- FOR VAKSNE
FRI INNGANG PÅ MUSEET.



Setesdalsmuseet



Biletsamlinga på Rygnestadtunet

VELKOMEN TIL FOREDRAG

Få innblikk i den unike biletsamlinga
på Rygnestadloftet – gjennom ord og
kunnskap frå
ph.d. og førstekonservator ved NMF,
Maria Bjørkroth.

Alle er hjarteleg velkomne!

Onsdag 15. oktober kl.
18:00

I salen på
Setesdalsmuseet
Rysstad

Setesdalsmuseet



OPEN DAG på

BYGNINGSVERNSENERET

Open dag på Bygningsvernssenteret laurdag 18. oktober kl. 12:00-15:00.

Setesdal bygningsvernssenter held open dag i laftehallen på Rysstad. Det blir
fokus på slåttereiskap med langorv og stultorv, rive og høygaffel. Ta med, og få
sett i stand reiskap som står på låven heime. Aktivitet for born med spikking.

Born må ha følgje med vaksen.
Arrangementet er gratis.
Det blir enkel servering av snacks, saft og kaffe.

Setesdal
bygningsvernssenter



It takes a village – festival for barns oppvekst

Det trengst ei heil landsbygd for at barn skal få veksa opp trygt og godt – det er nett det It takes a village handlar om.

Velkomen til ein dag full av inspirasjon, idéar og fellesskap for alle som bryr seg om barn og deira oppvekst. Her får du nye perspektiv, konkrete tips, og moglegheita til å møte andre vaksne som også brenn for barns trivsel og læring. Dette er for foreldre, besteforeldre og alle dykk innbyggjarar, frivillige og tilsette som er i kontakt med barn i heile Setesdal.

Dato: 15. november 2025

Stad: Soknehus

Program:

- 09:00 Dørene opnar
- 09:15 Innleiing
- 09:30–11:30 Siri Abrahamsen v/Gleding – det trengst ein landsby
- 11:30–12:30 Gratis lunsj
- 12:30–14:30 Vegard Nilsen – inkludering og fellesskap til det beste for borna

Gratis inngong

Meir informasjon kjem snart på heimesida til valle kommune

Flaskeinnsamling i Valle og Hylestad i veke 42 (13.-17. oktober)

Til våren reiser klassen vår med Aktive Fredsreiser til Polen, for å få ei djupare forståing av historia, lære om menneskerettar og kor viktig det er med fred og forsoning. Me besøker mellom anna konsentrasjonsleiren Auschwitz. Vi treng lomme pengar til turen, og håper du har panteflasker og boksar vi kan få når vi banker på. Om du ikkje er heime, men vil gje flasker likevel, kan du gjerne sette dei i ein merka pose eller sekk på trappa.

Helsing 10. klasse v/ Klassekontakt Ståle Solbakk Lye tlf. 91168848

Hugs å sende oss informasjon om komande arrangement og aktivitetar som skal inn i Bygdenytt, eller [aktivitetskalenderen](#) på vår heimeside.

E-post:
sentralbord@valle.kommune.no

ANDERS RØINE
HANS HULBÆKMO
RASMUS KJØRSTAD
HANS KJØRSTAD

REOLÔ

SØLVGARDEN 25. OKT

KL 21.00

CC: 300KR

SAMARBEID MELLOM SØLVGARDEN OG SETESDAL
SPELEMANNSLAG

MÅNDAG 13. OKTOBER

Ruffen: sjøormen som ikkje kunne symje

Kl 17.00 | 6 år | 1t. 21m.



Eit eventyr om ei ung sjøorm si reise for å redde verda si frå å bli oppdaga av menneske. På ei hemmeleg øy, langt ute i havet, bur Ruffensaman med dei andre sjøormane. Han held seg mest for seg sjølv, for han er annleis – han kan ikkje symje. Sjøormane lever lykkelege og bekymringslause liv, men dei er redde for éin ting: å bli oppdaga av menneske. Heldigvis har dei onkel Ludvik til å passe på. Med kinesisk drageblod i årene kan han blåse røyk ut av nasebora og dekkje øya med tåke kvar gong eit skip nærmar seg. Men når lagnaden til sjøormane plutselig kviler på at nokon må reise til tante Bessie i Loch Ness for å utføre eit viktig oppdrag, må Ruffen overvinne frykta si og vise kva han er god for. På ferda møter han både vener og fiendar – og til slutt er det berre han som kan redde øya frå å bli oppdaga.

Blücher

Kl 19.00 | 12 år | 1t. 34m.



Blücherer eit nervepirrande historisk drama om eit avgjerande augeblink i Noregs historie – og éin manns modige val då landet stod på randa av krig og okkupasjon. Natta til 9. april 1940 står oberst Birger Eriksen (Bjørn Sund-quist) overfor sitt livs største dilemma. Fleire framande skip er observert i den tette tåka i Oslofjorden. Ingen veit kvar dei kjem frå, eller kva dei vil. Skal han opne eld – eller ikkje? Oberst Eriksen må ta eit val – heilt aleine. Om han vel feil, kan det få fatale konsekvensar – ikkje berre for han sjølv og soldatane, men også for dottera Borghild, som bur og arbeider saman med han på Oscars-borg festning. Blücherer eit intenst actiondrama som tek oss med gjennom det dramatiske døgnet før og etter senkinga av den tyske krysseren. Samstundes følgjer filmen Eriksens kamp mot skuldingar om inkompetanse og feigskap i tida etter krigen.

MÅNDAG 27. OKTOBER

Filmane er ikkje avklart

Kl 17.00 og kl 19.00

KVA SKJER?



AKTIVITETSKALENDER

26.09 - 28.09

SAUESJÅ

01.10

KL 10

Hausferieverkstad,
Setesdalsmuseet

KL 13

Konsert, Valle bygdeheim

03.10 KL 19

Gospelkveld, Skafsåheii
Fjellkyrkje

07.10 KL 18

Pårørendeskolen, Bykle
helsehus

08.10

KL 16-18

TV-aksjonen v/ FAU,
skuleløp for barna i Valle,
Valle stadion

KL 18

Handarbeidskveld,
Husfliden

10-19.10

KULTURVEKA, SJÅ EIGE
PROGRAM

12.10 KL 16

Gudsteneste, Hylestad
kyrkje

13.10

KL 17/19

Bygdekinoen

KL 18

Kulturkveld med Eivind
Skeie, Kyrkjestoga

14.10 KL 18

Pårørendeskolen, Bykle
helsehus

15.10 KL 18

Biletsamlinga på
Rygnestadtunet,
Rygnestadtunet

18.10 KL 12

Open dag,
Bygningsvernssenteret

21.10 KL 18

Pårørendeskolen i Agder,
Bykle helse-hus

22.10

KL 10.30

Evelyns klesmote, Valle
bygdeheim

KL 18

Handarbeidskveld,
Husfliden

24-25.10

Sorggruppevandring, Fyresdal

25.10

KL 12

Basar, Treungen

KL 18

Konsert med
bedehusmann, Valle kyrkje

KL 21

Konsert med Reolo,
Sølvarden

26.10 KL 14

Teater - kyrkjerottene, Valle
kyrkje

27.10 KL 17/19

Bygdekinoen

28.10 KL 18

Pårørendeskolen i
Setesdal, Bykle helsehus